



Arkivsaknr: 2025/13653-5
Sakshandsamar: Irene Nærbø Wilhelmsen
Avdeling: Veg og VA forvaltning

SAKSFRAMLEGG

Temaplan for trafikktryggleik 2026-2030

Utvalssak	Utval	Møtedato
	Utval for areal, plan og miljø	
	Kommunestyret	
	Ungdomsråd	

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret vedtar «Temaplan for trafikktryggleik 2026-2030» slik den ligg føre.

Politisk handsaming

Saka skal til uttale i ungdomsråd.

Saka skal til innstilling i utval for areal, plan og miljø.

Saka skal avgjerast i kommunestyret.

Saka gjeld

Temaplan for trafikktryggleik 2026-2030.

Saksopplysningar

Utval for areal, plan og miljø vedtok at «Temaplan for trafikktryggleik 2026-2030» skulle leggjast ut på høyring i PS 132/25. Temaplanen har vore på høyring i perioden 17.12.25-31.01.26.

Det kom inn sju høyringsinnspel til planen. Innspela er vurdert av Norconsult og ligg vedlagt som vedlegg 6. Det er gjort nokre mindre justeringar i handlingsdelen basert på desse innspela.

Temaplan for trafikktryggleik er ein del av Alver kommune sin planstrategi og skal vere ein del av kommunen sitt eige planverk. Temaplan for trafikktryggleik er forankra i kommuneplanen sin samfunnsdel.

Nullvisjonen om ingen drepne eller hardt skadde i trafikken ligg til grunn i alt arbeid med trafikktryggleik. Målet med planen er følgjande:

Alver kommune skal førebyggje trafikkulukker og sikre at kommunen tek omsyn til trafikktryggleik i sitt virke. Det skal vere trygt å bevege seg i lokalmiljøet både som fotgjengar, syklist, med kollektivtransport og med køyretøy.

Handlingsplanen er i temaplanen delt i 3 delar; haldningsskapande arbeid, fysiske tiltak og oppfølging av nasjonal tiltaksplan.

Det handlingsskapande arbeidet i del 1 består av prosjekt og kampanjar som allereie vert utført i dag og bør halde fram, eller det er ønskje om å utføre for å auke trafikktryggleiken.

Fysiske tiltak, del 2, består av konkrete fysiske tiltak som Alver kommune ser for seg kan prioriterast å gjennomføre, eller få i gangsett i planperioden. Særleg tiltak langs skuleveg og rundt skular er viktige område å satse vidare på.

Fysiske tiltak som er tatt med i planen, er samla ut i frå innspel frå innbyggjarane i Alver kommune hausten 2024, samt høyringsinnspel i 2025/2026. I innspelsrunden kunne innbyggjarar sende innspel om trafikkfarlege punkt og strekningar. Det blei oppretta ei eiga kartløyising der innspela vart samla inn og samstundes kartfesta. Det vart registrert rundt 300 innspel innan fristen. Alle innkomne innspel er gjennomgått, samla og kategorisert, ut i frå eit sett med kriteria for vurdering. Desse er samla under handlingsplan del 2.

Del 3 inneheld ein handlingsdel for Alver kommune sin oppfølging av nasjonal tiltaksplan.

Temaplan for trafikktryggleik er ein overordna plan. Detaljplanlegging av eit tiltak skjer fyrst når tiltaket skal gjennomførast.

Sakshistorikk

Planperioden for gjeldande plan for trafikktryggleik, «Temaplan for trafikksikring i Alver kommune 2020-2022», gjekk ut i 2022.

Arbeid med ny «temaplan for trafikktryggleik» starta i 2024 og er planlagt for planperioden 2026-2030.

Vurderingsgrunnlag

Temaplan for trafikktryggleik er eit viktig dokument for kommunen.

Alle vegar fører til ein offentlig veg. Dei fleste kommunale vegar ligg der innbyggjarane i kommunen bur. Folk er opptekne av at vegane dei skal ferdast på er trygge, både for mjuke trafikkantar og for dei som skal ferdast langs vegnettet med motoriserte køyretøy. Det er difor viktig at kommunen har planar for korleis vegnettet skal verte tryggare for innbyggjarane.

Det er både nasjonale og regionale føringar om at alle kommunar bør ha ein eigen plan for trafikktryggleik. Alver kommune har valt å utarbeide planen som ein temaplan for perioden 2026-2030.

Det kostar å gjennomføre fysiske tiltak og kommunen har behov for midlar. Det er mogleg å søke tilskot gjennom ulike tilskotsordningar for trafikktryggleik. Alle slike tilskotsordningar krev at tiltaka er forankra politisk og at kommunen har ein godkjent plan for trafikktryggleik.

Temaplan for trafikktryggleik kan og nyttast i samband med reguleringsplanarbeid, og er på den måten eit nyttig verktøy for kommunen også i den samanheng.

Økonomiske konsekvensar

Temaplan for trafikktryggleik legg ikkje direkte føringar for handlings- og økonomiplanen for Alver kommune.

Tiltak blir prioritert ut frå gjeldande budsjett. Kommunen kan søke om tilskot til gjennomføring av tiltak og i enkelte tilfelle også prosjekteringsmidlar.

Vurdering av særskilte grupper

Temaplan for trafikktryggleik har særleg fokus på skuleveg og område der barn- og unge ferdast.

Kommunedirektøren si tilråding

Kommunedirektøren tilrår at planen vert godkjent slik den no ligg føre.

Vedlegg

- 1 Vedlegg 1 - Temaplan for trafikktryggleik 2026-2030_v3
- 2 Vedlegg 2 - Kartpunkt - Delområde A
- 3 Vedlegg 3 - Kartpunkt - Delområde B
- 4 Vedlegg 4 - Kartpunkt - Delområde C
- 5 Vedlegg 5 - Systematisering alle innspel - supplert med vurdering etter høyring
- 6 Vedlegg 6 - Oppsummering innspel TS plan høyringsrunde des 2025 - jan 2026